

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 21.08.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 02.06.2017 - 21.08.2017**

ARKIVSAK: 2017/68
STYRESAK: 082/17

STYREMØTE: 07.09. 2017

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

.....

Oversikt over aktuelle lover i perioden 02.06.17 – 21.08.17

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om endring i helse- og omsorgstenestelova	2.06.2017	Pårørande sine rettar til hjelp er styrka. Kommunane sitt ansvar overfor pårørande er presisert i form av at kommunar blant anna skal ha tilbod om opplæring og rettleiing samt avlastningstiltak i tillegg til omsorgsløn.
Lov om endringar i pasient –og brukarrettslova, helsepersonellova m.m	16.06.2017	Målet med endringane er å styrke rettsstillinga til barn ved yting av helse- og omsorgstenester. Endringane gjeld presiseranger knytt til å ivareta barns rett til informasjon og presiseringar knytt til barns samtykkekompetanse. Lovendingane trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer.
Lov om endringar i helselovgivinga	16.06.2017	Endring i spesialisthelsetenestelova.

		<p>Ny § 2-1 f. Dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep blir presisert.</p> <p>Ny § 2-5 c. Helseinstitusjonane får ansvar for å oppnemne kontaktlege for pasientar som har alvorleg sjukdom, skade eller liding av ein viss varighet.</p> <p>Endringar i lov om kommunal helse- og omsorgstenester:</p> <p>Ansvar for tannhelsetenesta blir overført frå fylkeskommunen til kommunane. Kommunen skal sørge for at tannhelsetenester, medrekna spesialisttannhelsetenester, er tilgjengelige for personar som oppheld seg i kommunen.</p> <p>Delt ikraftsetjing frå den tid Kongen bestemmer.</p> <p>Innføring av kontaktlege, jf spesialisthelsetenestelova § 2-5 c er satt i kraft.</p>
<p>Lov om Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstenesta</p>	<p>16.06.17</p>	<p>Innføring av Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstenesta .</p> <p>Dette er eit forvaltningsorgan underlagt departementet. Den skal utføre sine oppgåver uavhengig og sjølvstendig, og kan ikkje instruerast i faglege spørsmål.</p> <p>Undersøkelskommissjonen sin oppgåver jf, § 5: <i>«Undersøkelseskommissjonen skal undersøke alvorlige hendelser og andre alvorlige forhold for å bedre pasient- og brukersikkerheten i helse- og omsorgstjenesten. Hensikten med undersøkelsene er å utrede hendelsesforløp, årsaksfaktorer og årsakssammenhenger for å bidra til læring og forebygging av alvorlige hendelser.»</i></p> <p>Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer.</p>

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 02.06.17 – 21.08.17

Forskrift	Dato for kunngjøring	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om endring i forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)	12.06.2017	<p>Inn under formålet med forskrifta er det tatt inn to nye element: «Gjennom krav om systematisk gjennomføring av tiltak, skal denne forskrift fremme et forbedringsarbeid i virksomhetene innen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - arbeidsmiljø - sikkerhet - forebygging av helseskade eller miljøforstyrrelser fra produkter eller forbrukertjenester - vern av det ytre miljø mot forurensning og en bedre behandling av avfall - forebygging av uhell og ulykker forbundet med egen lovlig aktivitet - forebygging av uønskede tilsiktede hendelser <p>slik at målene i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen oppnås.»</p> <p>De to siste strekpunktene er nye og er trådt i kraft fra 1. juli 2017.</p>
Forskrift om endring i forskrift om private virksomheters adgang til å yte spesialisthelsetjenester	22.06.2017	<p>Ny teneste innført i godkjenningsordninga: Intensiv habilitering av barn opp til og med 16 år med vesentleg nedsatt funksjonsevne som skuldast medfødt eller tidleg erverva hjerneskade</p> <ul style="list-style-type: none"> - poliklinisk behandling. <p>Endringa gjeld frå 1. juli 2017</p>

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 02.06.17 – 21.08.17

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	19.06.2016	<p>Det blei den 19. juni 2017 gjennomført føretaksmøte for behandling av sak om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Årleg melding 2016 • Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2016 • Godkjenning av godtgjering til revisor

		<ul style="list-style-type: none"> • Endring i driftskredittramma. <p>Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF blei tatt til etterretning. Årsrekneskap og årsmelding for 2016 blei godkjent, og det same gjorde godtgjering til revisor.</p> <p>Driftskredittramma for Helse Vest RHF blei redusert med 146 millionar kroner. Helse Vest si driftskredittramme blei sett ned frå 151 millionar til 5 mill. kroner.</p>
Foretaksmøte i Helse Vest RHF	28.06.2017	<p>Det blei den 28.juni 2017 gjennomført føretaksmøte for behandling av sak om sal av eigedom, jf lov om helseføretak § 31</p> <p>Føretaksmøte vedtok:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 051/2017 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eigedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21, bnr. 945 i Stavanger kommune. 2. Føretaksmøtet legg til grunn at frigjorte midlar ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdier. 3. Føretaksmøtet presiserer at ved vurderinga av resultatoppnåing i Helse Vest RHF vil ein sjå hen til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av eigedom. 4. Føretaksmøtet legg til grunn at salet vil inngå i departementet sine samla vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.
Tilleggsdokument til Oppdragsdokument for 2017	28.06.2017	Tilleggsdokumentet blir lagt fram for styret i eiga sak.